



Velkomen til skulestart 2021/22

Då er me klare for eit nytt skuleår, og me vonar de har hatt ein god sommar, og at elevane gler seg og er klare for skulestart. Tilsette på skulen har vore på jobb siste veka, og me er klar for å ta i mot elevane.

Måndag 16. august kl 09.00 er skulestart, og elevane møter utanfor klasseromma sine. 1. klassingane møter ved flaggstonga.

Ekstra velkomen til dei 22 fyrsteklassingane, og til dei nytilflytta elevane Michal(3A), Emilia(4A) og Vegard Nikolai(6A).

Skulemjøklappar vert delt ut måndag. Dei elevane som ynskjer mjølk måndag 16. august får det.

Me har mange elevar med skuleskyss til/frå skulen. Dei får tilsendt tider dei skal ta bussen om morgonen. Bussen må ta 2 rundar. Etter skuletid går dei yngste elevane om bord fyrst i bussen. Dei eldste går på bussen til slutt, og ventar til runde 2 om det er naudsynt. Elevar som ikkje har skuleskyss, men som td skal vere med nokon med skyss heim, har ikkje rett på skyss.

KORONASITUASJON pr 13.08.21 er på GRØNT NIVA

- Ingen sjuke skal møte på skulen
- God hygiene
- Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming), hald avstand der det er mogleg
- Vanlig organisering av skuleklassar og skulekvardagen

Det er smitte i kommunen og regionen vår, så sær viktig at me overheld tiltaka og smittevern!

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>

Dei to fyrste skulevekene har me «sosialveker» - der me har ekstra fokus på klasse-/skulemiljø og det sosiale. Etter såpass lenge med strenge koronatiltak, er me no glade for at elevane kan vere sosial

Me ynskjer kvarandre lukke til med skuleåret 2021/22!